



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Tilknytning og sosioemosjonell fungering

Attachment and socioemotional functioning

**Kandidatnummer: 211**

Bachelor i barnevern

Fakultet for helse og sosialvitenskap

Institutt for velferd og deltaking

15.mai 2023

Antall ord: 7997

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Abstract:

The first years in a child's life are often referred to as the most important and the foundation for the child's further development. Having a good and secure relationship with caregivers, who facilitate the regulation of emotions and behaviour, are regarded as important precondition for the child's development. The aim of this literature study is therefore to examine correlation between the attachment a child experience during the first years of life and the emotional development and social skills the child has when he/she reaches adolescence.

In my thesis, I have chosen to use literature study as a method. The results of the literature study indicate that there is a clear correlation between the quality of attachment a child experiences and difficulties that the child experiences later. For example in social situations with friends and in the understanding of themselves and their emotional reactions. Therefore, it is important that child welfare professionals and other professionals who work with children, have knowledge of the topic, which I hope this study may contribute with.

# Innholdsfortegnelse

|   |           |
|---|-----------|
| <i>Abstract</i> .....   | 2         |
| <b>1 Introduksjon</b> .....                                     | <b>5</b>  |
| 1.1 Tema .....  | 5         |
| 1.2 Forforståing.....   | 6         |
| 1.3 Problemstilling .....                                       | 6         |
| 1.4 Avgrensing og presisering.....                              | 7         |
| <b>2 Teori</b> .....  | <b>7</b>  |
| 2.1 Tilknytningsteori.....                                      | 7         |
| 2.2 Tilknytningsmønster mellom barn og foreldre .....           | 8         |
| 2.3 Indre arbeidsmodellar.....                                  | 10        |
| 2.4 Sjølvregulering .....                                       | 10        |
| 2.5 Transaksjonsmodellen.....                                   | 11        |
| <b>3 Metode</b> .....   | <b>11</b> |
| 3.1 Vitskapsteoretisk perspektiv .....                          | 11        |
| 3.2 Val av metode .....   | 12        |
| 3.3 Litteraturstudie.....                                       | 12        |
| 3.4 Kjeldekritikk og inklusjons- og eksklusjonskriterier .....  | 13        |
| 3.5 Søkeprosessen.....  | 14        |
| <b>4 Resultat</b> .....   | <b>15</b> |
| 4.1 Presentasjon av forskingsartiklar .....                     | 15        |
| 4.1.1 Artikkel 1 .....  | 15        |
| 4.1.2 Artikkel 2 .....  | 16        |
| 4.1.3 Artikkel 3 .....  | 16        |
| 4.1.4 Artikkel 4 .....  | 16        |
| 4.1.5 Artikkel 5 .....  | 17        |
| 4.2 Presentasjon av funn .....                                  | 17        |
| 4.2.1 Samanheng mellom tilknytning og emosjonell fungering..... | 17        |
| 4.2.2 Samanheng mellom tilknytning og sosial fungering .....    | 18        |

|          |  |           |
|----------|--|-----------|
| <b>5</b> | <b>Drøfting</b> .....  | <b>19</b> |
| 5.1      | <i>Korleis kan ein sjå tidleg tilknytning, andre innverkande faktorar, og sosioemosjonell utvikling i samanheng?</i> ..... | 20        |
| 5.2      | <i>På kva måtar kan sosioemosjonell fungering komme til uttrykk i dagleglivet til ungdom med tilknytingsvanskar?</i> ..... | 22        |
| 5.3      | <i>Kva betydning har dette for profesjonsutøvarar som møter utsette ungdommar?</i> .....                                   | 23        |
| <b>6</b> | <b>Avslutning</b> .....  | <b>24</b> |
| <b>7</b> | <b>Litteraturliste</b> .....   | <b>26</b> |
| <b>8</b> | <b>Vedlegg 1</b> .....   | <b>28</b> |

# 1 Introduksjon

Både som privatpersonar og profesjonsutøvarar møter ein på barn og unge. Nokre av desse barna kan sjokkere oss i måten dei samhandlar med andre på. Det kan vere åtferdsvanskar, som utagering og reaksjonar ein ikkje forventar å få. Eller det kan handle om ein ungdom som legg mykje innsats i å få seg venner, men ikkje får vennskapa til å vare og ikkje forstår sjølv kva det kjem av. Kanskje viser ungdommen negativ sosial kompetanse og fiendtleg åtferd. Tenker vi ofte nok på kva dette kjem av? Spør vi oss om dette kan handle om dei aller første leveåra? Om emosjonelt tilgjengelege og sensitive foreldre som kanskje ikkje handterte barnet sine elementære emosjonelle og relasjonelle behov dei første 1000 levedagar på ein god nok måte? Mange privatpersonar gjer nok ikkje det, og mange profesjonsarbeidarar, som jobbar med barn og unge, gjer nok ikkje det. Kva gjer dette med dei sårbare barna, for den tidlege utviklinga og følelsar dei ikkje har lært å handtere?

Eg har sjølv erfart at å vere sensitiv, tolmodig og respektfull i tilfelle med «uforstålege reaksjonar», ikkje alltid er enkelt, og ein blir rett riven med i barnet sin frustrasjon. Etter at eg har tileigna meg meir kunnskap om ulike aspekt ved utviklingspsykologien gjennom studiet, er desse «uforstålege reaksjonane» ikkje lenger like uforstålege, og det er lettare å forstå, vere ei støtte og sjå bak åtferda som barnet viser.

## 1.1 Tema

Dei første leveåra til barn blir ofte omtalt som dei viktigaste og dei som legg grunnlaget for vidare utvikling. Desse åra er tett knytt opp til seinare fungering både sosialt og emosjonelt, identitet og forståing av seg sjølv og andre. Å ha ein god og trygg relasjon til omsorgspersonar som legg til rette for regulering av følelsar og åtferd, er ein viktig føresetnad for barns fysiske, emosjonelle, kognitive og sosiale utvikling (Killén, 2010, s. 39). For å skape eit godt omsorgs- og utviklingsmiljø er det nokre avgjerande faktorar som må ligge til grunn. Det kan handle om ein sunn og lite stressande graviditet, anledning til å knytte eit emosjonelt band til ein trygg vaksen, grunnlag for utviklingsstøtte og regulering, samt kjærleik og ein omsorg tilpassa etter individuelle behov (Nordanger & Braarud, 2017, s.37).

Eit aspekt ved utviklingspsykologien er tilknytning, og saman med sosial og emosjonell fungering vil dette vere tema for mi bacheloroppgåve. Tilknytningsteorien står sentralt i måten ein kan forstå tidleg samspel mellom barn og omsorgsgivarar, og på kva måte det vil vere med

å påverke eit barn seinare i livet (Smith, 2019, s.139). Eg tenker det er interessant å få innsikt i korleis tryggleik, nærleik, støtte til glede, meistring og vanskelege kjensler tidleg i livet kan vere med å påverke utvikling og livskvalitet livet ut.

På kva måte kan ein sjå samanhengar mellom den tidlege tilknytninga eit barn får dei første leveåra, og dei sosiale ferdigheitene i ungdomslivet - til dømes i vennerelasjonar? Kva har tilknytninga å seie for den emosjonelle utviklinga - blir følelsar overveldande og må regulerast av andre ved dårleg kvalitet på tilknytninga? Og på kva måte kan god tilknytning vere førebyggjande for skeivutvikling og åtferd?

## 1.2 Forforståing

Eg har valt tema ut i frå kva eg sjølv er interessert i, og ønskjer å lære meir om. På den måten har eg ei forforståing til tema som dannar eit utgangspunkt for mi tolking av problemstillinga. Forforståing handlar om korleis ein, med bakgrunn i erfaringar, tolkar og forstår eit fenomen, og på kva måte dette påverkar det nye ein undersøker (Jenssen, 2021, s.258). Første gong eg blei introdusert for omgrepet tilknytning var gjennom barnevernsstudiet. Her var vi innoom tilknytningsteorien til John Bowlby, og det har gjort at eg har fått moglegheit til å knyte teorien opp mot praksis og fått ei større forståing for fenomenet.

Gjennom egne erfaringar, knytt til nær familie, har eg fått nær innsikt i kva tidleg tilknytning kan ha å seie for eit barn si utvikling. Eg har observert at det kan vere utfordrande med sosiale relasjonar, mentalisering og sjølvregulering. At kjensler ikkje gir meining for barnet og samtidig er vanskelege å handtere. Reaksjonar kan for omverda verke uklære og vanskelege å forstå, og det er lett å kjenne på frustrasjon og ei forventning om at barnet kan betre. Eg meiner difor det er sentralt for profesjonar som jobbar med barn å ha kunnskap om korleis tilknytning kan vere ein faktor som påverkar utvikling. Utan ei god forståing for kvifor barnet reagerer som det gjer, kan ein risikere å gi manglande støtte og omsorg til barna.

## 1.3 Problemstilling

Føremålet med denne oppgåva er altså å finne ut av kva rolle tidleg tilknytning spelar i eit barn sitt liv, korleis dette påverkar utvikling og korleis det kan få utslag i til dømes tilknytning til andre mennesker seinare i livet. Kvifor er det slik og kvifor er det viktig å ha kunnskap om? På bakgrunn av dette er problemstillinga mi:

*På kva måte kan tidleg tilknytning påverke sosiale og emosjonelle ferdigheiter i ungdomslivet?*

Ut i frå problemstillinga har eg utarbeida nokre forskingsspørsmål som eg ønskjer å aktualisere gjennom mi bacheloroppgåve;

1. Korleis kan ein gjennom eit transaksjonsperspektiv, sjå tilknyttingen si betydning i eit barn sitt liv?
2. Korleis kan tilknytingsvanskar, som konsekvens av negativ tilknytingsstil i tidleg leveår, komme til uttrykk i dagleglivet til ein ungdom?
3. Kvifor er det viktig for barnevern og andre profesjonar som jobbar med barn å ha kunnskap om tilknytning?

#### 1.4 Avgrensing og presisering

Oppgåva vil fokusere på tidleg tilknytning og korleis tilknytning i ung alder påverkar barnet si fungering i ungdomstid/som 13-18 åring. Denne alderen er ein periode i livet der mellom anna sjølvbilete, identitet og sjølvstende stadig er i utvikling, og kva gjer tilknytingsvanskar med sosial tilpassing, relasjonar, avvising og kjærleik til andre menneske? Når det kjem til uttrykket «tidleg tilknytning» vil det omhandle dei første tilknyttingserfaringane eit barn har, altså tilknytingskvalitet og tilknytingsmønster fram til treårs-alder. Når eg omtalar omgrepet «barn», meinast personar under 18 år (Barne- og likestillingsdepartementet, 2016, s.13).

## 2 Teori

I dette kapittelet vil eg legge fram teori som er med på å aktualisere aktuell problemstilling, samt forklaringar på sentrale omgrep som vil bli brukt vidare i litteraturstudien.

### 2.1 Tilknytningsteori

Tilknytning er eit psykologisk omgrep og ei kjenslemessig band som eit menneske kjenner til eit anna. Tilknytning gjer at desse personane kjenner seg foreint, sjølv om dei gjerne ikkje er fysisk saman. Eit barn vender seg til tilknytingspersonen sin for å søkje trøyst og beskyttelse, ved ei oppleving av sårbarheit og stress (Sjøvold og Furuholmen, 2020, 59). Barn knyt seg til personane dei brukar tid med, og som er der i situasjonar der barnet ønskjer støtte og nærheit. Grunnleggaren av omgrepet tilknytning reknast som John Bowlby. Han tok utgangspunkt i

kunnskap om barn sine reaksjonar på å bli åtskilt frå sine foreldre, og definerer tilknytning som barnet sin motivasjon for å søke trøyst og beskyttelse i sårbare situasjonar (Sjøvold & Furuholmen, 2020, s.60).

Vidare kan tilknytning bli definert som eit emosjonelt band mellom barn og ein omsorgsgjevar, som over tid formidlar tryggleik, støtte til sjølvregulering og relasjonar (Smith, 2019, s.141). Bowlby la også vekt på ei psykoanalytisk innstilling om at emosjonelle erfaringar gjennom foreldre kan vere med å organisere mentale tilstandar, og at opplevingar frå barndommen kan vere med å påverke seinare sårbarheit knytt til aktuelle erfaringar. Samtidig var han oppteken av på kva måte desse mentale tilstandane hadde innverknad på eit barn sitt forhold til andre menneske, og at det kan vere med på å påverke seinare sosiale relasjonar og barnet si sjølvoppfatning (Smith, 2019, s. 142).

Ulike barn vil stille ulike krav til omsorgspersonar og uttrykke behov på forskjellige måtar. Killen (2010, s.45) hevder at tidleg kommunikasjon og samspelet mellom foreldre og barn vil vere avgjerande for tilknytninga til foreldre, samt legge føringar for i kva grad barnet vil handtere samspel med omgjevnadane, mentaliseringsevne og regulering av egne kjensler. Tilknytingspersonar sin kapasitet til samspel samt evne til å møte behov, vil altså kunne ha innverknad på korleis barnet utviklar seg sosialt og emosjonelt.

## 2.2 Tilknytingsmønster mellom barn og foreldre

Gjennom ulike opplevingar av kva omsorg og respons eit barn får vil barn utvikle ulike tilknytingsmønster. Desse handlar om strategiar for å takle mentale tilstandar, og kan seie oss noko om korleis barnet er blitt behandla og korleis dei forventar å bli behandla (Killén, 2010, s.47). Vidare kan ein seie at gjenteke og aukande stress vil aktivere eit barn sitt tilknytningssystem, og ein vil kunne observere individuelle forskjellar i barnet si forventning av korleis omsorgspersonen vil reagere og på kva måte ein vidare forventar å bli behandla (Smith, 2019, s.143). Mary Ainsworth utvikla ein observasjonssituasjon, fremmedsituasjonen, der ein kan studere nettopp dette, og dermed vurdere kvaliteten på barnet si tilknytning og korleis det organiserer si åtferd ut i frå behov for beskyttelse og trøyst, for å kunne ha kapasitet til å utforske omverden (Smith, 2019, s. 143). Ainsworth la til grunn tilknytingsmønster der ein kategoriserer barnet sine strategiar i stressfulle situasjonar innan trygg og utrygg tilknytning.



Trygg tilknytning viser seg gjerne hos dei barna som opplev stabile omsorgspersonar gjennom tilgjengelegheit, sensitivitet, tryggleik, trøyst og beskyttelse (Killén, 2010, s.47). Ved at barna stolar på at omsorgspersonen er tilgjengeleg og responderer vil ein kunne ha kapasitet til oppleving gjennom leik og utforsking. Dersom eit barn er lei seg og treng hjelp til regulering kjenslemessig, vil det gi signal om dette, søke kontakt for trøyst og vere i stand til å fortsette utforsking og leik (Smith, 2019, s. 145).

Utrygg tilknytning kan komme til syne hos dei barna som over tid, saman med andre faktorar, ikkje opplev kjenslemessig tilgjengelege foreldre, og der samspelet kan inkludere uforutsigbarheit, kjenslemessig tilbaketrekking, invadering og kontroll. Desse barna kan utvikle strategiar som held omsorgspersonar på avstand (Killén, 2010, s.47). Vidare la Aimsworth til grunn to ulike typar utrygt tilknytingsmønster, nemleg unnvikande tilknytning og ambivalent tilknytning.

Unnvikande tilknytning er synleg hos barn som viser lite affekt og følelsar, men som likevel kan vere utforskande på omverda. Barnet reagerer lite på å bli åtskilt frå omsorgsperson og kan uttrykke lite uro når det blir forlete (Smith, 2019, s.145). Barnet kan også unnvike blikkontakt og held seg på avstand både emosjonelt og fysisk (Killén, 2010, s.47). Dette kan vere eit resultat av at omsorgspersonar ikkje aksepterer barnet sine uttrykk av kjensler, og at barnet på den måten heller vel å undertrykke eller fortrenge desse. I staden for å la omsorgsperson bidra til regulering, vel barnet å handtere sine vanskelege kjensler sjølv (Kvello, 2015, s.89).

Ambivalent tilknytning kan vise seg i dei tilfella der omsorgspersonar er periodevis emosjonelt utilgjengelege, noko som kan bidra til at barnet viser sterke signal når dei ønskjer respons (Kvello, 2015, s.89). Barnet kan oppleve å måtte krevje merksemd, det er sårbart for ignorering og vil på den måten kunne vere intens i måten å søke kontakt på, samtidig som barnet like intenst kan halde avstand til omsorgsperson (Killén, 2010, s.48). Å bli åtskilt frå tilknytingsperson er utfordrande, og viser seg gjerne i utrøsteleg gråt, sinne og reguleringsvanskar (Smith, 2019, s.146).

Ikkje alle barn passar i Aimsworth si kategorisering av tilknytingsmønster. Det vart difor utvikla desorganisert tilknytning. Desse barna kan ha opplevd ulike former for omsorgssvikt, deriblant fysisk mishandling, emosjonell utilgjengelegheit hos foreldre, vanskjøtsel og

seksuelle overgrep (Smith, 2019, s.148). Tilknytingsmønsteret er uorganisert og barnet veit ikkje korleis dei kan sikre at omsorgspersonar gir dei nødvendig omsorg og beskyttelse, og dei kan vise både unnvikande og ambivalent åtferd. Samtidig kan barnet vise usikkerheit, lite kontroll over eigne kjensler og åtferd, og redsel for eigen tilknytingsperson (Killén, 2010, s.48).

### 2.3 Indre arbeidsmodellar

Gjennom Bowlby sin teori førekjem det ein tanke om at barn utviklar omsorgserfaringar om forventa mentale representasjonar knytt til tilknytingspersonar, seg sjølv og sosiale relasjonar. Saman med korleis barnet ser seg sjølv i forhold til dette, dannar det grunnlaget for den teoretiske konstruksjonen, *indre arbeidsmodell* (Smith, 2019, s. 169). På ein annan måte kan ein seie at barnet utviklar ei indre oppfatning av seg sjølv, samt indre oppfatning av tilknytingspersonar. Kva barnet forventar av desse og andre viktige relasjonar blir til gjennom erfaringar det tileignar seg. Erfaringane som ein opplever dei første leveåra legg grunnlaget for dei indre arbeidsmodellane, og har innverknad på vidare utvikling og handtering av kjente situasjonar (Killén, 2010, s.51).

Vidare vil modellen kunne vere med å hjelpe eit barn til ei forståing av kva som skjer under samhandling med tilknytingsperson, kva som er antakeleg å skje i framtida og handlingsstrategiar relevant til tilknytning. Ein essensiell del av dei indre arbeidsmodellane til eit barn er korleis det opplev seg sjølv – kor orientert og dyktig, akseptabelt og verdifullt er det? Samt korleis barnet opplever at omsorgspersonar er tilgjengelege både fysisk og emosjonelt (Smith, 2019, s.169). Dei indre arbeidsmodellane kan vere med å påverke kva kapasitet barnet har til å handtere belastande situasjonar og periodar i livet. Dei er med på å styrke barnet med gode strategiar, eller skape problematikk knytt til regulering av kjensler og sjølvoppfatning (Killén, 2010, s.51).

### 2.4 Sjølvregulering

Nordanger og Braarud (2020, s.29) framhevar regulering som ein av dei mest sentrale omsorgsfunksjonane som eit barn kan oppleve. Frå barnet blir født er det avhengig av å få støtte til å regulere kroppslege og fysiologiske behov, få affekt, samt beskyttelse mot for intens stimuli. Dette kan vere å få hjelp til å komme til riktig sone av aktivering, og støtte til i overgangane mellom ulike tilstandar, fysiologiske eller emosjonelle. Hjelp frå sensitive

foreldre til å roe seg ned ved gråt eller affekt (frykt eller frustrasjon), hjelp til soverytme, og hjelp til å dekke behov som svolt og kroppstemperatur er essensielle faktorar for sunn utvikling og for å oppnå evne til sjølvregulering (Nordanger og Braarud, 2020, s. 40). Desse vil òg kunne påverke dei indre arbeidsmodellane til eit barn (Nordanger og Braarud, 2020, s.29).

Sjølvregulering vil hjelpe oss til å kunne vere sjølvstendige i regulering av tankar, kjensler og handlingar, og er ein føresetnad for at eit barn har god sosial tilpassing ved ulike arena, samt legg føringar for korleis ein får det seinare i livet (Helgesen, 2020, s.161). Helgesen (2020) beskriv også at dersom eit barn har trygg tilknytning og god sjølvregulering, vil barnet oppleve å ha god støtte i foreldre dersom dei kjenner behov ved negative kjensler og stressande situasjonar.

## 2.5 Transaksjonsmodellen

Ein modell som er rådande for å forstå barn si utvikling er transaksjonmodellen til Sameroff. Denne viser korleis barn og omsorgsgjevar over tid gjensidig endrar og påverkar kvarandre. Ein kan forstå utvikling som ein kontinuerleg og gjensidig prosess, der barnet blir påverka av samspel med omgjevnadane, på same tid som barnet sjølv vil påverke og endre omgjevnadane (Sjøvold & Furuholmen, 2020, s. 25).

# 3 Metode

Dalland (2021, s.54) beskriv metode som reiskapen vår i møte med noko vi ønskjer å undersøke, og vil vere til hjelp for å samle inn data og informasjon vi treng for å gjere ei undersøking. Vi treng ulike metodar for å få fram ny kunnskap og sikre i kva grad denne kunnskapen er riktig og sann (Dalland, 2021, s. 53).

## 3.1 Vitskapsteoretisk perspektiv

Vitskapsteori handlar om korleis ein forstår og gjer systematisk refleksjon over vitskap (Jenssen, 2021, s.14). Innanfor vitskapsteorien finn ein ulike perspektiv. Mitt vitskapsteoretiske perspektiv ligg innanfor hermeneutikken, og botnar i ei fortolkande tilnærming, som kort sagt handlar om å søke den meininga situasjonen hadde for individet for å forstå ei handling og korleis ein som subjekt ser på verda (Jenssen, 2021, s.77). Nærare forklart går oppgåva ut i frå ei hermeneutisk tilnærming, som legg fram reglar og normer for

god tolking av handlingar som kjem til uttrykk (Jenssen, 2021, s. 79). Tilnærminga er samtidig oppteken av å skape ny kunnskap, der forskaren si eiga forforståing vil kunne påverke, mellom anna gjennom opplevingar, erfaringar og kultur. Det vil seie at mi forforståing i dette tilfellet vil påverke korleis eg tolkar artiklane i litteraturstudiet, og resultatet vil difor ikkje vere objektiv. Dette fører også til at det ikkje er sikkert at andre tolkar artiklane og problemstilling på same vis som meg (Jenssen, 2021, s.80).

Mi forforståing til temaet tilknytning gjorde hermeneutikk til eit naturleg val av vitskapleg ståstad. Tilnærminga legg til rette for at eg kan bli kjend med og utvikle ny kunnskap gjennom samhandling og tolking av mennesket, samstundes som det vert tolka gjennom mine erfaringar og mi forforståing.

### 3.2 Val av metode

Dalland (2021, s.53) beskriv at grunnen til at ein vel ein bestemt metode, er fordi vi meiner det er metoden som passar seg best til å svare på valt problemstilling på ein god og hensiktsmessig måte. I mitt tilfelle har eg valt å gjennomføre eit litteraturstudie, då det er mykje litteratur om emnet, som vil gi moglegheit til å utforske temaet på eit djupare og breiare nivå, i motsetnad til kva som ville vore mogleg med intervju eller spørjeundersøking, sett ut frå føresetnadane og omfanget til bacheloroppgåva. Gjennom utviklingspsykologien er tilknytning eit tema som det viser seg å vere forska mykje på frå før, og det er difor mogleg å finn god og fagfelleverdert litteratur. Det er mykje kunnskap og kompetanse innanfor feltet og det er forska på ulike problemstillingar innanfor tilknytning, deriblant det problemstillinga mi vil utforske. For å sjå på samanhengen mellom tidleg tilknytning og sosioemosjonell fungering i ungdomslivet, vil det difor vere føremålstenleg å nytte seg av litteraturstudie.

### 3.3 Litteraturstudie

Med utgangspunkt i Aveyard (2019, s. 2) sin definisjon, blir litteraturstudie forklart som ein omfattande studie og tolking av litteratur som relaterer seg til eit bestemt spørsmål. Gjennom ei systematisk tilnærming, identifiserer ein eit forskingsspørsmål, for så vidare å svare på dette spørsmålet gjennom å søke, samt vurdere og analysere relevant litteratur som allereie eksisterer. For å skape seg eit heilskapleg bilete er det sentralt å gå gjennom aktuell litteratur samla, og samtidig sjå det i kontekst med annan relevant informasjon og litteratur (Aveyard, 2019, s.2). Dette gjer at ein unngår å få eit snevert og eintydig syn på forskning, men i staden

får ei påliteleg oversikt. Viktige faktorar i eit litteraturstudie er ei realistisk problemstilling, ein metodedel som legg føringar for korleis problemstillinga vil bli svara på og som inkluderer søkestrategi, metode for vurdering og analyse av litteratur. Vidare kjem ein resultatdel som presenterer funn og kritiske vurderingar, samt drøftingsdel og anbefalingar for praksis (Aveyard, 2019, s.3).

Aveyard (2019, s.4) legg til grunn at litteraturstudie er ein viktig og god måte å gjere ein studie på, då det tek utgangspunkt i litteraturen som er tilgjengeleg om eit tema, og oppsummerar og analyserer denne. Det er på den måten ein god måte å skaffe oversikt over utvikling og forskning innafor feltet til eit mangfald av profesjonsutøvarar. Grunna omfang knytt til tid og forventningar til ei bacheloroppgåve, vil Aveyard (2019) sine føringar for mitt litteraturstudie vere eit utgangspunkt for svaret på problemstillinga, og det vil bli lagt vekt på søk, analyse og dokumentasjon av aktuell litteratur. Samtidig vil det bli lagt fram ein resultat- og drøftingsdel for å belyse funn og diskusjon knytt til aktuelle funn.

### 3.4 Kjeldekritikk og inklusjons- og eksklusjonskriterier

For å vurdere at litteraturen ein har valt er gyldig og relevant bør ein utøve kjeldekritikk. Dalland (2021, s.152) beskriv kjeldekritikk som å vurdere og å karakterisere litteraturen ein har funne og la lesaren av litteraturstudien få ta del i refleksjonar og kriteria knytt til val. I ein tidleg fase av arbeidet med bacheloroppgåva, hadde eg nokre tankar om kva type litteratur eg ville nytte meg av for å svare på problemstillinga. Eg ønskte å nytte meg av litteratur av kvalitet og truverd, slik at resultatet ville ha gyldigheit og relevans. Fleire av mine utvalde artiklar er longitudinelle studiar, som følgjer deltakarane over eit lengre tidsrom, med moglegheit for å følgje utvikling og endringar. Å ha nokre slike studiar med var aktuelt i mitt tilfelle, då det sørgjer for at ein kan sjå årsakssamanhengar mellom tidleg tilknytning og seinare fungering. Det er likevel nødvendig å vere kritisk til resultat, då det er fleire kontekstuelle faktorar som vil spele inn, men som ikkje er inkludert i dei ulike studiane. Eg har også teke med ein studie med meta-analyse som analyserer den allereie eksisterande litteraturen og gjer samanfatning av denne. Dette gjer at eg kan få eit godt overblikk over eksisterande forskning. Til slutt har eg med ein studie og ein fagartikkel som bygger på intervju og spørjeundersøkingar. Det kan tenkast at det sett lys på deltakarane sine eigne personlege opplevingar på mellom anna barndom, utvikling og fungering, noko som kan vere positivt. Det er likevel nødvendig å stille seg kritisk til slike typar studiar òg, då det ikkje er sjølv sagt at dei er blitt testa for validitet og relevans, eller om dei spørsmåla som er nytta gir

moglegheit for gode og utfyllande svar (Aveyard, 2019 s.117).

For å sikre at ein oversiktleg søkeprosess og relevant litteratur er det hensiktsmessig å beskrive inklusjon- og eksklusjonskriterier basert på problemstillinga. Det kan vere med på å identifisere litteratur som er aktuell for problemstillinga og sikre at ein unngår informasjon og litteratur som ikkje er høgst relevant for studien ein skal gjennomføre (Aveyard, 2019, s. 75). For å gjere mitt søk så snevert som mogleg, i eit stort hav av forskning, var det viktig å planlegge dette på førehand. Det første kriteriet mitt var at litteraturen og artiklane eg skulle nytte meg av var publisert i eit fagfelleverdert tidsskrift, samt publisert i tidsrommet 2010 – 2023. Dette for å sikre at litteraturen er kvalitetsjekka av fagpersonar og til å stole på. I tillegg ønskte eg å nytte ny litteratur for å svare på problemstillinga. Artiklar utan fagfelleverdert og utanfor gitt tidsrom vart ekskludert. Vidare var det sentralt å berre inkludere artiklar som var skriven på eit språk eg sjølv kan handtere. Difor vart norsk og engelsk inkludert og alle andre språk ekskludert frå mitt søk. For å gjere søket meir hensiktsmessig og fokusert, inkluderte eg ulike ord for ungdom og unge vaksne, tilknytning, samt sosioemosjonell fungering. Slik kom eg fram til litteratur som ville vere aktuell for mitt tema. Eg ekskluderte litteratur som omhandla sosioemosjonell fungering som barn.

### 3.5 Søkeprosessen

Eg starta søkeprosessen min med å søke i Oria, databasen til biblioteket ved Høgskulen på Vestlandet. Eg starta med å søke på norsk, med søkeord som «tilknytning», «sosioemosjonell fungering», «sosial fungering», «emosjonell fungering» og «utvikling». Eg fann ein artikkel ved bruk av norske søkeord i databasen Idunn. Denne artikkelen er ein fagartikkel, og er ikkje fagfelleverdert.

Eg blei etter kvart merksam på at det var avgrensa aktuell fagfelleverdert forskning om tilknytning og sosioemosjonell fungering på norsk og opplevde at søka mine ikkje gav relevant treff i forhold til problemstillinga mi. Eg la difor om søkestrategi til søk med engelske søkeord. Dette resulterte i ei utvida treffliste og eg måtte jobbe med å spisse søket mitt meir. Databasane eg gjennomførte søk i var i hovudsakleg i Oria, Academic Search Elite, CINAHL og PsycInfo, som er anbefalte fagressursar av Høgskulen på Vestlandet knytt til barnevern og sosialfag. Eg brukte mellom anna søkeorda «attachment», «socioemotional», «development», «selfregulation», «impact», «adolescent» og «social functioning» i ulike kombinasjonar. Dette resulterte i fire av dei fem utvalde artiklane eg gjer greie for nedanfor.

Etter kvart som eg søkte, vart eg meir bevisst på kva omgrep som blir nytta i forskning når ein uttalar seg om tilknytning og sosioemosjonell fungering. Det gjorde at eg endra val av søkeord og kombinasjonar undervegs, noko som var til hjelp for å gjere relevante søk. Å gjennomføre søk i databasar har eg opplevd at kan vere vanskeleg og til tider uoverkommeleg. Ein skal nytte seg av ulike fagomgrep, tilpasse seg etter på kva språk det finnast nyttig forskning, og gjere gode nok søk der ein sitt att med ei uoverkommeleg mengde treff. Likevel har eg gjennom dei systematiske søka eg har gjort, fått eit utval av aktuelle artiklar og som vil vere relevante for problemstillinga mi.

Sjå vedlegg 1 for endeleg oversikt over gjennomføring og dokumentasjon av søk. Artiklane eg har valt blir presentert i kapittel 4.

Vidare har eg gjennomført analyse, som handlar om å finne svar på spørsmål i eit repertoar av data. Gjennom ei tematisk analyse har eg systematisk gått gjennom og identifisert ulike temaområde i dei valte artiklane. Den tematiske analysen består av fire steg og fasar; førebuing, koding, kategorisering og rapportering (Johannessen, Rafoss & Rasmussen, 2018, s. 282). Med utgangspunkt i desse har eg skaffa meg ei oversikt over data og tematikk i dei ulike artiklane, før eg har gått nærare inn i kvar enkelt og markert, framheva og notert relevante funn. Vidare har eg kategorisert funn frå artiklane som viser til det same. Til slutt har eg rapportert dei aktuelle funna og kategoriane i resultatdelen nedanfor.

## 4 Resultat

### 4.1 Presentasjon av forskingsartiklar

#### 4.1.1 Artikkel 1

Den første artikkelen eg har teke med i litteraturstudiet mitt er «Emotional and adrenocortical regulation in early adolescence: Prediction by attachment security and disorganization in infancy», som eg fant i databasen ERIC. Studien er utført av Spangler og Zimmermann (2014), med formål om å utforske ulikskapar i emosjonsuttrykk og emosjonsregulering hos ungdommar i emosjonsframkallande situasjonar. Vidare var målet å spesifikt undersøke kva påverknad tidleg mor-barn tilknytning og ein desorganisert tilknytingsstil vil ha på atferd.

Studien har tatt utgangspunkt i «Regensburg Longitudinal Study», der 96 barn blei følgd frå spedbarnsalder til ungdomsalder for å undersøke endringar i mor-barn-tilknytning, emosjonsregulering og psykisk helse.

#### 4.1.2 Artikkel 2

Den andre artikkelen «With(out) a little help from my friends: insecure attachment in adolescence supprt-seeking and adult negativity and hostility» fant eg i databasen Cinahl. Studien blei gjennomført av Loeb, Stern, Costello og Allen (2021) og følgde 184 ungdommar frå 13 til 27 år. Formålet var å finne ut kvifor ungdommar med utrygg tilknytning har utfordringar med å spørje etter og ta i mot støtte og hjelp, og kva utslag dette kan få i det lange løp. Studien er ein del av ein longitudinell studie som undersøker sosial utvikling i forhold til familie og jamaldrande. Denne studien bygger på spørjeundersøkingar som deltakarane svarte på ved ulike alder og statistiske analyser for å finne samanhengar blant anna mellom tilknytning og kjenslemessig tilstand, vanskar med å søke og ta i mot støtte, samt negativitet knytt til vener og romantiske partnerar.

#### 4.1.3 Artikkel 3

Den tredje artikkelen eg legg til grunn for studiet mitt er «Sensitive parenting is the foundation for secure attachment relationships and positive social-emotional development of children», som blei utført av van der Voort, Juffer og Kranenburg (2014). Denne fann eg i databasen Academic Search Elite. Hensikta med artikkelen er å gi ei oversikt over kunnskap om betydninga av sensitive foreldre, korleis det spelar ei rolle i foreldre-barn-tilknytninga og sette dette i eit utviklingsperspektiv. Gjennom ei kvantitativ meta-analyse har forfatarane inkludert alle tilgjengelege studiar som munnar ut ei oversikt over det aktuelle temaet.

#### 4.1.4 Artikkel 4

Den fjerde artikkelen er «Attachment style predicts affect, cognitiv appraisal, and social functioning in daily life» som eg fant i databasen PubMed. Forskingsartikkelen blei utført av forskarane Sheinbaum, Kwapil, Ballespí, Mitjavila, Chun, Silva og Barrantes – Vidal (2015), med hensikt å undersøke på kva måte tilknytingsstil kjem til uttrykk i dagleglivet til vaksne. Med eit utval på 206 spanske unge vaksne, brukte forskarane tilknytingsstilintervju og spørjeskjema om deira sosiale erfaringar og kontekst som metode. Deltakarane i studien rapporterte deira kjenslemessige tilstand, kognitive vurderingar og sosiale funksjon opptil fleire gongar om dagen i ei veke. Dette ga forskarane ein moglegheit til å samle data frå



deltakarane i sine daglege og sosiale miljø.

#### 4.1.5 Artikkel 5

Den siste artikkelen er «Fire unge jenters fortellinger om vansker eller foreldrerelasjon – fortellinger om relasjoneller erfaringer, vanskelige følelser og foreldrenes spesielle betydning». Artikkelen fann eg etter søk i databasen Idunn og den er skriven av Kari Fonn (2012). Den tek utgangspunkt i intervju med fire unge jenter med fokus på betydning av foreldrerelasjon, kommunikasjon og samspel i nære relasjonar, kjenslemessige uttrykk og betydninga av den enkelte sine forutsetningar. Vidare er hensikta med artikkelen at ein gjennom bruk av ulike teoriar i analyse av intervju, skal kunne få ei auka forståing av korleis relasjonelle erfaringar kan vere med å påverke eit individ. Denne artikkelen viser ikkje til måling av tilknytning, verken i tidlege leveår eller ungdomsalder.

### 4.2 Presentasjon av funn

Eg har valt å kategorisere funna frå artiklane ut i frå to kategoriar; emosjonelle faktorar og sosiale faktorar. Desse er gjennomgåande for dei øvrige artiklane og eg vil her gi ei oppsummering under kvar kategori om aktuelle funn.

#### 4.2.1 Samanheng mellom tilknytning og emosjonell fungering

På tvers av forskingsartiklane bli det gjennomgåande nemnt korleis tilknytning kan vere med å påverke utvikling og fungering. Både korleis trygg tilknytning er med å sikre god utvikling, og korleis utrygg og desorganisert tilknytning kan vere faktorar som gir større sjanse for skeivutvikling og vanskar knytt til sosio-emosjonell fungering. Når det kjem til emosjonell fungering nemnar van der Voort et al. (2014, s.169) at utrygge og desorganisert tilknytte barn viser meir risikofaktorar knytt til åtferdsproblem. Gjennom utfordringar med å regulere eigne kjensler, har barna større risiko for å utvikle følelsar som sinne og frykt, samt anna eksternaliserande åtferd, som kan gjere det vanskeleg å identifisere sine eigne sterke kjensler. van der Voort et al. (2014, s. 169) legg og fram funn om at barn med utrygg tilknytning, spesielt unnvikande tilknytingsstil viser meir internaliserande problem, noko som kan komme til uttrykk gjennom angst, depresjon og vanskar med å handtere emosjonelle kjensler.

Forskningsartikkelen til Sheinbaum et al. (2015, s.5) skriv at deltakarar med ambivalent tilknytning rapporterte meir negative emosjonar, samt større frykt for å miste kontroll i

dagleglivet, samanlikna med personar med trygg tilknytning. Vidare blir det beskrive at forskarane ikkje fant tydelege forskjellar mellom unnvikande og trygge personar, knytt til rapportering om negative kjensler, men at deltakarane med unnvikande tilknytingsstil var mindre glade. Sheinbaum et al. (2015, s.5) såg også forskjellar i opplevinga av seg sjølv, andre og situasjonar, alt etter kva tilknytingsstil deltakarane hadde. Utrygt tilknytte oppfatta seg sjølv på ein meir negativ måte og usikre på eigen meistringsevne, desse opplevde også at dei var mindre ivaretekne, i motsetnad til trygge tilknytte. Vidare følte ambivalente deltakarar seg mistenksame og undertrykt i situasjonar, samtidig som desse kjente på mindre glede, kompetanse og positivitet, samt meir stress i aktuelle aktivitetar, samanlikna med trygge tilknytte personar. Unnvikande tilknytte personar kjente på mindre positive kjensler, men ikkje meir stress, enn trygge tilknytte personar.

Studien til Spangler og Zimmermann (2014, s.149) viser til at tidleg tilknytning hos barn er observerbar i seinare emosjonsregulering og emosjonelle prosessar i ungdomsår. Med bakgrunn i den longitudinelle studien fann dei at tilknytingskvaliteten ser ut til å vere relatert til unge sin oppfatning av egne kjensler, samt sosiale og emosjonelle reguleringsstrategiar. Vidare fant studien at det var lite samanheng mellom deltakarane sine sjølvrapporterte følelsar og kjenslemessige uttrykk, men at dette kan ha samanheng med utfordringar knytt til å innrømme negative kjensler, samt andre teoretiske og metodiske faktorar. Spangler og Zimmermann (2014, s.150) legg også vekt på at deltakarane også i tidlege ungdomsår har nytteverdi av emosjonsregulering frå emosjonelt tilgjengeleg omsorgsgjevar, og at dette bidreg positivt til reduksjon av negative kjensler.

#### 4.2.2 Samanheng mellom tilknytning og sosial fungering

I artiklane blir det gjennomgåande nemnt korleis tidleg tilknytning kan påverke ulike sosiale faktorar i livet til eit menneske. Dette inneberer mellom anna sosial samhandling, sosial tilpassing og sosial åtferd. van der Voort et al. (2014, s.169) nemnar at utrygg og desorganisert tilknytning kan gi negative konsekvensar for sosial fungering på fleire område. Barn med utrygg tilknytning kan utvikle eit bilete av seg sjølv som inkompetent og på same tid påverke kva forventningar ein har til nye relasjonar og forhold. Forskarane skriv også noko om at både utrygge og desorganiserte tilknytte barn kan ha mindre sosial kompetanse i samhandling med jamaldrande.

Vidare fant eg at Sheinbaum et al. (2015, s. 5) ikkje kunne sjå tydelege forskjellar i hyppigheit

på sosiale treff mellom deltakarar med utrygg tilknytning og trygg tilknytning på undersøkingstidspunktet. Likevel rapporterte personar med trygg tilknytning meir positive kjensler av nærheit og følte seg mindre aleine enn personar med utrygg tilknytning. Personane med unnvikande tilknytning viste eit redusert ønskje om å vere med andre når dei var aleine, og både ambivalent og unnvikande personar hadde eit auka ønskje om å vere aleine når dei var saman med andre, samanlikna med trygge personar.

I studien til Loeb et al. (2021, s.631) fann eg at deltakarar med utrygg tilknytingsstil har fleire observerte vanskar med å be om og ta i mot hjelp og støtte frå venner og familiemedlem ved oppleving av stress eller utfordringar. I tillegg legg forskinga vekt på ein førekomst av utrygt tilknytte deltakarar med meir negativitet og fiendtlege haldninga i vaksen alder og i relasjonar og romantiske forhold (Loeb et al, 2021, s. 633). Vidare såg studien samanhengar mellom korleis sikkerheit i tilknytninga påverka oppleving og søk av støtte som tidleg ungdom og negative og fiendtlege haldningar i ein alder av 27 år (Loeb et al, 2021, s. 635).

Fonn (2012) skildrar funn der deltakarane har utvikla sosial tilbaketrekking, og utvikling av ulike tilpassingsrepertoar etter opplevingar knytt til støtte og relasjon til foreldre. Deltakarane viser defensive og sosialt avventande strategiar, som kan vere ei ulempe i forhold til å ein aktiv og utforskande deltaking i nye utfordringar, noko som igjen kan skape negativ sosial og emosjonell utvikling (Fonn, 2012, s. 214). Fonn (2012, s.213) beskriv låg samheng mellom deltakarane si foreldrestøtte og dei vanskane som førekjem i artikkelen. Likevel stiller forfattern seg kritisk til den manglande samanhengen og stiller spørsmål rundt funnet. Fonn (2012, s. 212) viser også til funn om vanskar i forhold til jamaldrande. Forfattern beskriv ei forståing om at deltakarane overvurderer eigne sosiale ferdigheiter, eller at deira relasjonelle kompetanse ikkje verka å vere hensiktsmessig relasjonar med jamaldrande.

Fleire av artiklane viser til at det er samheng mellom emosjonelle vanskar og sosiale vanskar, ein må difor sjå funna i samheng og kontekst.

## 5 Drøfting

I dette kapittelet skal eg drøfte problemstillinga mi «på kva måte kan tidleg tilknytning påverke sosiale og emosjonelle ferdigheiter i ungdomslivet?», ut i frå funn og i lys av eit tilknytingsperspektiv og transaksjonsmodellen, som blei presentert i teorikapittelet. Først vil

eg sjå vidare på korleis ein kan sette tidleg tilknytning og sosioemosjonell fungering i samanheng, etterfølgt av på kva måtar tilknytingsvanskar kan komme til uttrykk i dagleglivet. Til slutt vil eg sjå på barnevernfagleg-relevans og kva betydning det vil ha for barnevernstilsette å møte ungdommar med tilknytingsvanskar. Emosjonell og sosial utvikling er komplekse fenomen som heng tett saman, og derfor vil eg nytte omgrepet sosioemosjonell utvikling/fungering i drøftinga nedanfor.

Det vil vere nødvendig å påpeike at det ikkje er noko gitt årsak – verknadsforhold mellom tilknytning og sosioemosjonell utvikling. Det vil ofte kunne vere ein samanheng, men det er ikkje alltid slik. Det vil likevel ofte vere eit utgangspunkt som profesjonsfeltet jobbar ut i frå, og kan vere eit godt startpunkt å ha med seg i jobben og vurderingane ein møter på.

### 5.1 Korleis kan ein sjå tidleg tilknytning, andre innverkande faktorar, og sosioemosjonell utvikling i samanheng?

#### **Transaksjonsmodellen:**

Gjennom eit transaksjonsperspektiv kan ein forstå korleis omsorgsmiljø, regulering og tilknytning heng tett saman med utvikling og den seinare fungeringa til eit barn. Barn, foreldre og omsorgsmiljøet dei er i, påverkar kvarandre gjensidig og vil ha ein aktiv rolle i barnet si utvikling (Helgesen, 2020, s.154). Transaksjonsmodellen viser til samspel og kommunikasjon, samt støtte og reaksjonar til dei behova som viser seg gjennom uttrykk og handling. På den måten kan ein forstå at dersom eit barn krevjar meir enn kva forventningane til foreldre tilseier når barnet blir født, påverkar reaksjonane og handlingane til foreldre deretter kva utvikling barnet har når det gjeld å ta utfordringar og oppfatning av seg sjølv. Møter foreldre barnet på utfordringar, vil barnet kunne tørre å ta andre utfordringar og sjølvtilitt vil bli styrka. Dersom foreldre ikkje møter barnet sensitivt og er utolmodige, kan det føre til eit meir usikkert barn som ikkje tør å utfordre og utvikle seg sjølv. Det kan difor tenkast at funna frå artikkane, som omhandlar utfordrande relasjonskompetanse (Fonn, 2012), oppfatning av seg sjølv som inkompetent og eksternaliserande åtferd (van der Voort et al., 2014) i ungdomslivet samsvarar med teorien knytt til transaksjon mellom omsorgspersonar og barn, samt dei indre arbeidsmodellane som er tileigna gjennom tidleg tilknytning.

### **Indre arbeidsmodellar:**

Tilknytingsteori kan hjelpe oss å forstå korleis tidleg tilknyting og sosioemosjonell utvikling heng saman. Som tidlegare skildra legg tidleg tilknyting grunnlaget for tryggleik og støtte til sjølvregulering og relasjonar. Kvaliteten på barn si tilknyting kan seie oss noko om i kva grad omsorgsgjevarar har vore tilgjengelege for beskyttelse og relasjonelt samspel (Sjøvold & Furuholmen, 2020, s.54). Desse relasjonserfaringane med omsorgspersonar vil vere med å legge grunnlaget for dei indre arbeidsmodellane eit barn tileignar seg. Altså kva barnet forventar i samhandling med andre og kva indre oppfatning det har av seg sjølv og andre. Ein måte å tolke funna i litteraturstudien vil kunne vere at tilknytingsstil, dei indre oppfatningane og arbeidsmodellane vil kunne prege utvikling og fungering, ikkje berre som små barn, men også til ungdomsalder. Det viser seg mellom anna at tilknytingsstil legg føringar for korleis ungdommane opplev seg, andre og situasjonane dei er i (Spangler & Zimmermann, 2014, s.149). Samtidig kan den arbeidsmodellen som eit barn tileignar seg, skape ein sikkerheit og kunnskap om at andre personar er til å stole på, og at ein sjølv kan påverke oppnådd tillit hos andre menneske (Helgesen, 2020, s.160). Det inneberer at arbeidsmodellen ein har, positiv eller negativ, kan legge føringar og påverke fleire faktorar i utviklinga til eit barn – tillit til andre, relasjonelt samspel, handlingsstrategiar, samt oppleving og forståing av seg sjølv og andre. Sidan modellen òg kan ha innverknad i kva grad barnet kjenner seg verdsett og kompetent, kan det tenkast at utviklinga av sjølvtilit kan vise seg i fungering seinare i livet.

### **Sjølvregulering:**

Fordi tilknyting og regulering heng tett saman og utfyller kvarandre, vil det også vere sentralt å drøfte korleis dette kan påverke den sosioemosjonelle utviklinga og fungeringa. Dette blir også nemnt i mellom anna studien til van der Voort et al. (2014, s.169) og Spangler og Zimmermann (2014, s.149), der ein ser samanheng mellom utrygge og desorganiserte tilknytte barn og barn som har vanskar med å regulere egne kjensler. Desse barna kan ha utfordringar med å identifisere sine egne kjensler og større sjanse for å nytte kjensler som sinne og frykt i situasjonar der andre med god sjølvregulering kanskje ikkje hadde kjent på så sterke kjensler i same situasjon, då dei har betre forutsetningar for å handtere og kjenne egne kjensler.

Spangler og Zimmermann (2014) legg også vekt på at ungdommane med problematikk knytt til sjølvregulering, har i stressande og utfordrande situasjonar positiv effekt av emosjonsregulering frå emosjonelt tilgjengelege omsorgsgivarar. Dette stemmer med teorien

til Nordanger & Braarud (2020, s.148), om at dei barna og ungdommane som ikkje har utvikla god sjølvregulering frå tidleg av, har behov for same form for reguleringsstøtte og stimulering som den tidlege omsorga tilseier at barn skal få. Dette vil innebere at omsorgspersonen er tilgjengeleg for reguleringsstøtte over tid, slik at personen vil utvikle reguleringsystemet og etterkvart ha kapasitet og evne til å sjølv regulere egne kjensler.

## 5.2 På kva måtar kan sosioemosjonell fungering komme til uttrykk i dagleglivet til ungdom med tilknytingsvanskar?

Det kan vere vanskeleg å påpeike eksakte faktorar i dagleglivet til ein ungdom som tilknytning eine og aleine er med å påverke. Ein må sjå tilknytning i samanheng med andre kontekstuelle faktorar. Likevel viser forskinga og studiane eg har nytta i litteraturstudien samanheng mellom tilknytning, tilknytingsstil og sosioemosjonell fungering i dagleglivet til ungdom og unge vaksne.

Det viser seg at ein arena der tilknytingsvanskar frå tidleg barndom kan komme til uttrykk, er saman med vener og relasjonar til andre. van der Voort et al. (2014) legg vekt på at utrygge og desorganiserte tilknytte barn har mindre sosial kompetanse og Sheinbaum (2015) viser til mindre glede og positivitet i sosiale treff hos utrygge barn. Dette kan ein sjå i samanheng med funna om sosial tilbaketrekking, defensive og sosialt avventande strategiar (Fonn, 2012) og vanskar mot å ta i mot og be om hjelp frå nære (Loeb et al., 2021). Dette stemmer godt overeins med forskning som viser at barn som har tidlege erfaringar med å bli kjenslemessig avvist ved stressande og vanskelege situasjonar, vil tilpasse seg situasjonar og gjerne halde kjensler og behov skjult, då det ønskjer å handtere dette sjølv (Sjøvold og Furuholmen, 2020, s.62). Tidlege tilknytningserfaringar vil kunne danne eit rammeverk for følgjande erfaringar og relasjonar (Sjøvold og Furuholmen, 2020, s.64). På ei side kan det tenkast at ungdom som slit med å regulere egne kjensler, som er vaktsame og som har vanskeleg for å sjå eigen problematikk knytt til sosiale relasjonar, kan ha utfordringar med å vere i ein vennerelasjon over tid. Det kan vere at relasjonen går bra til å byrje med, men at ungdommen sjølv trekk seg tilbake og avviser, fordi den ikkje stolar på eller ikkje veit korleis ein skal forhalde seg til vennen. Samtidig kan det kanskje òg vere at venner trekk seg tilbake grunna fiendtlegheit eller «uforståeleg frustrasjon» hos ungdommen med tilknytingsvanskar.

Vidare kan tidleg tilknytningstrygghet komme til syne i ungdomslivet i forhold til korleis ein

ser seg sjølv og andre, og kva forventningar ein har (Smith, 2019, s.163). Dette ser ein blant anna i studiane til Sheinbaum et al. (2015) og van der Voort et al. (2014), der opplevinga av seg sjølv og andre var påverka av kva tilknytingsstil ungdommane hadde. Mellom anna viser det seg at ved utrygg tilknytning er dei meir usikre og har lågare sjølvtilit. Mistenksam, undertrykkheit og inkompetent er tilstandar som blir rapportert i studiane. Det vil vere ulikt korleis dette kan komme til syne i dagleglivet. Nokre ulike tilfelle kan vere å tørre å ta initiativ til samhandling og fortsette med det over tid, å fort hamne i forsvarsmodus eller eit sjølvbilete som er lite utviklingsfremmande og kjem til skade. Dette kan ein igjen sjå i samanheng med resultat frå studiane ovanfor som viser førekomst av internaliserande problematikk hos ungdommane, mellom anna angst og depresjon (van der Voort et al., 2015).

Ein annan faktor viser seg å vere kva strategiar ungdommen har for å takle stress og negativitet, og i kva grad ein forstår eigne reaksjonar. Utrygge og desorganiserte tilknytte ungdommar kan, på grunn av vanskar med å regulere eigne kjensler og større risiko for kjensler som sinne og frykt, utvikle åtferdsproblem og handtering av desse som kan vise seg i større avstand til jamaldra. Gjennom kraftfulle uttrykk og intense måtar kan ungdommane med tilknytingsvanskar vise behov for støtte eller merksemd, nettopp fordi det er denne måten ungdommane er lært å handtere sårbarheit og stress på (Brandtzæg & Torsteinson, 2023, s.5). Dette gjer at ulik eksternaliserande åtferd og avgrensa strategiar for å handtere indre stress, vil kunne prege dagleglivet til ein ungdom. Kanskje handlar det om å skape nære vener og halde på dei over tid, kanskje handlar det om å passe inn i fotballmiljøet, konsentrasjon og meistring på skulen eller diskusjonar i heimen. Men alt dette blir vanskeleg, fordi kjenslene tek over – og ein veit verken kvifor dei kjem eller korleis handtere dei.

### 5.3 Kva betydning har dette for profesjonsutøvarar som møter utsette ungdommar?

Som vi har sett til no kan tilknytingsstil og tilknytingskvalitet i tidleg barndom vere med å påverke utvikling og fungering i ungdomslivet. Det er likevel ikkje slik at alle instansar, personar og arena rundt eit barn har lik kunnskap om fenomenet tilknytning og kva utslag det kan gi. Som eg nemnte innleiingsvis kan reaksjonar og handlingar til eit utrygt eller desorganisert tilknytt barn verke uklåre og vanskelege å forstå. Når eit barn kjem i ungdomsalder er det ikkje forventa at barnet reagerer med sinne, frykt og frustrasjon på ting og situasjonar som for andre kan verke ubetydelege. Derfor er det viktig at det er god nok kunnskap om feltet og om tidleg barndom, slik at barn med tilknytingsvanskar kan bli møtt med sensitivitet, reguleringsstøtte, forståing og forklaringar. Utan forståing og kunnskap, er

det vanskeleg å gi god nok støtte og omsorg til utsette barn.

Ikkje minst er det sentral kunnskap for barnevernstilsette som møter ungdom, og barn med tilknytingsvanskar og vanskar med emosjonsregulering. Barnevernet kan vere med og sikre støtte og hjelp gjennom å skreddarsy optimale og individuelle tiltak og dei kan vidareformidle kunnskap og aksept til personar og instansar som er rundt barnet. Samtidig kan barnevernet gjennom samtalar og verktøy hjelpe ungdom som treng det med å forstå eigen problematikk, bakgrunns historie, kjensler og kvifor det til dømes kan vere vanskeleg med vennerelasjonar dersom det er aktuelt. Slik kan kunnskap hjelpe ungdommen til å utvikle gode strategiar og relasjonelle erfaringar.

Slik det blir nemnt i fleire av artiklane stiller forfattarane seg i nokre høve kritiske til deltakarar si moglege underrapportering av problematikk knytt til følelsar og kjenslemessige uttrykk (Spangler og Zimmermann, 2014, s.149) og overvurdering av eigne sosiale ferdigheiter og relasjonelle kompetanse (Fonn, 2012, s.212). Det kan tenkast at det er fleire grunnar til denne rapporteringa. På ei side kan det handle om at ungdommane har utfordringar knytt til å innrømme eigne negative kjensler. På ei anna side kan det handle om at kompetansen om eigne følelsar eller kjensleuttrykk er minimal. Samtidig kan det også tenkast at nokre barn, ungdom og unge vaksne med tilknytingsvanskar, har vanskeleg for å sette ord på eigne tankar og behov, slik som å spørje om hjelp eller å stille forventningar til andre. Med det i betraktning er det difor ei sentral oppgåve for barnevernstilsette og andre personar rundt å vere bevisst på at for nokre kan eigne behov vere ukjende eller vanskelege å formidle til andre. På den måten er det viktig at ein skapar tillit og viser at ein står i relasjonen, sjølv ved avvising, for å gi hjelp til ungdommane og gjere ein innsats for at dei skal få nye gode og stabile relasjonserfaringar.

## 6 Avslutning

Å møte ungdom som viser negativ tilknytingsåtferd kan ofte vere mistolkande. Det kan vere vanskeleg for personar rundt å forstå kva åtferda kjem av og styre grensesetting eller sensitivitet etter dette. Utan kunnskap om tilknytning, tilknytingsvanskar og tilknytingsåtferd, kan åtferda sjå ut som ein ungdom som prøver å vere vanskeleg. I staden for ein ungdom som



har det vanskeleg, og har forsvarsmekanismar som den er ubevisst på eller ikkje har lært andre måtar å gi uttrykk for sine behov på. Gjennom funn frå studiane og tidlegare forskning ser ein at ungdom med tilknytingsvanskar ofte strevar på fleire område, og det er tett samanheng mellom den tidlege psykologiske utviklinga og seinare fungering. Det krevsar difor kunnskap for å forstå ungdommen og for å klare å sjå bak åtferda ungdommen viser.

Eit aspekt ved fungering i ungdomslivet som ein ser at tidleg tilknytning er med på å påverke, er avvising og forventningar til seg sjølv og andre. Avvising kan vere ungdommen sin måte å handtere ubehagelege situasjonar på, nettopp fordi det er det ungdommen har erfart og lært at fungerer frå tidleg av. Forventningane ein har til andre kan òg gjere at relasjonar blir vanskelege og utfordrande å stå i, gjennom at dei ikkje har den tilliten som trengs og trua på at andre personar vil dei vel. Eit anna hovudfunn frå litteraturstudien er ungdommane sine førekomst av vanskar med å be om hjelp, fordi dei er vande med å takle stress og utfordringar sjølv

Eg trur at i dagens praksis spør ein seg ikkje ofte nok over kva åtferda til eit barn kjem av, og om det kan handle om dei aller første leveåra til barnet. Kanskje det kan handle om at personar og instansar ikkje har nok kunnskap og innsikt til å sjå bak åtferda som barnet viser. Eller kanskje nokre forsonar seg med at barnet er vanskeleg, og ikkje jobbar med å lære barnet betre, gjennom å vere gode støttespelarar og rollemodellar som hjelper barnet til å navigere i ein kaotisk verden. I staden så gir åtferda og følelsar konsekvensar, og barnet må vise meir og sterkare uttrykk for å bli sett og høyrte. Det er ikkje enkelt å vere den sensitive og stabile vaksne personen som skal stå i avvising, utagering og andre vanskar over tid, og samtidig hjelpe barnet til å forstå seg sjølv og sine utfordringar. Men for barnet og ungdommen er det elementært for å bli ein relasjonstrygg og stabil vaksen.

## 7 Litteraturliste

Aveyard, H. (2019). *Doing a literature review in health and social care: A practical guide* (4. utg.). Open University Press/McGraw-Hill Education.

Barne- og likestillingsdepartementet. (2016). *Barns rettigheter i Norge*. (Norges femte og sjette rapport til FNs komite for barns rettigheter – 2016). Regjeringen. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/0ada3bee46b54f498707f51bbc7d4b2c/barnekonvensjonen-norsk-versjon-uu.pdf>

Brandtzæg, I. & Torsteinson, S. (2023). Den glemte svikten: forståelse og konsekvenser av emosjonell neglekt. *Tidsskrift for norsk psykologforening*. 60(3), 152-157. <https://psykologtidsskriftet.no/fra-praksis/2023/03/den-glemte-svikten-forstaelse-og-konsekvenser-av-emosjonell-neglekt>

Dalland, O. (2021). *Metode og oppgaveskriving* (7.utg). Gyldendal Akademisk.

Fonn, K. (2012). Fire unge jenters fortellinger om vansker og foreldrerelasjon. *Fokus på familien*, 40(3), 196-217. <https://doi.org/10.18261/ISSN0807-7487-2012-03-03>

Helgesen, L. A. (2020). *Menneskets dimensjoner: Lærebok i psykologi* (3.utg). Cappelen Damm Akademisk.

Jenssen, D. (2021). *Vitskapsteori i sosialt arbeid* (2.utg.). Samlaget.

Johannessen, L. E. F., Rafoss, T. W. & Rasmussen, E. B. (2018). *Hvordan bruke teori? Nyttige verktøy i kvalitativ analyse*. Universitetsforlaget.

Killén, K. (2010). *Sveket II: Ansvar og (be)handling* (4.utg). Kommuneforlaget.

Kvello, Ø. (2015). *Barn i risiko: Skadelige omsorgssituasjoner* (2.utg). Gyldendal Akademisk.

Loeb, E. L., Stern, J. A., Costello, M. A. & Allen, J. P. (2020). With(out) a little help from my friends: insecure attachment in adolescence, support-seeking, and adult negativity and hostility. *Attachment and Human Development*, 23(5), 624-642.

<https://doi.org/10.1080/14616734.2020.1821722>

Nordanger, D. Ø. & Braarud, H. C. (2017). *Utviklingstraumer: Regulering som nøkkelbegrep i en ny traumepsykologi*. Fagbokforlaget.

Sheinbaum, T., Kwapil, T. R., Ballespí, S., Mitjavila, M., Chun, C.A., Silvia, P.J., & Barrantes-Vidal, N. (2015). Attachment style predicts affect, cognitive appraisals, and social functioning in daily life. *Frontiers in Psychology*, 6(296), 1-10.

<https://doi.org/10.3389/fpsyg.2015.00296>

Sjøvold, M. S. & Furuholmen, K. G. (2020). *De minste barnas stemme: Sped- og småbarn utsatt for vold og omsorgssvikt* (2.utg.). Universitetsforlaget.

Smith, L. (2019). Tilknytning: teori og forskning. I L.M. Gulbrandsen (Red.), *Oppvekst og psykologisk utvikling: Innføring i psykologiske perspektiver* (s.139–178). Universitetsforlaget.

Spangler, G. & Zimmermann, P. (2014). Emotional and adrenocortical regulation in early adolescence: Prediction by attachment security and disorganization in infancy. *International Journal of Behavioral Development*. 38(2), 142 – 154.

<https://doi.org/10.1177/0165025414520808>

van der Voort, A., Juffer, F. & Bakermans-Kranenburg, M. J. (2014). Sensitive parenting is the foundation for secure attachment relationships and positive social-emotional development of children. *Journal of Children's Services*, 9(2), 165-176.

## 8 Vedlegg 1

### Dokumentasjon av søk:

I dei ulike søka mine skaffa eg meg eit overblikk over overskrifter, før eg gjekk over til å lese samandrag på dei artiklane som verka aktuelle. Eg enda med ein relevant artikkel frå kvar av søka nedanfor.

| DATABASE              | DATO     | SØKEORD/KOMBINASJON   | ANTALL TREFF | KOMMENTARER   |
|-----------------------|----------|---|--------------|---|
| Academic Search Elite | 04.04.23 | (secure attachment OR avoidant attachment OR resistant attachment OR disorganized attachment)<br><br>AND<br><br>(social development OR emotional development OR socioemotional development) | 113          | Inkluderte berre artiklar utifrå kriteriane:<br>Tidsrom: 2010-2023<br>Peer reviewed |
| CINAHL                | 05.04.23 | (attachment AND adolescence)  | 19           | Inkluderte berre artiklar utifrå kriteriane:<br>Tidsrom: 2010-2023<br>Peer reviewed |
| ERIC                  | 10.04.23 | ( Early attachment )<br><br>AND<br><br>(effect or impact or influence og consequence)<br><br>AND<br><br>(emotion)   | 5            | Inkluderte berre artiklar utifrå kriteriane:<br>Tidsrom: 2010-2023<br>Peer reviewed |
| ORIA                  | 10.04.23 | Tilknytning   | 30           | Inkluderte kun artiklar i tidsrommet 2010 – 2013.                                   |

|        |          |   |   |   |
|--------|----------|---|---|---|
|        |          | OG<br><br>Følelser OR emosjoner<br><br>OG<br><br>«sosial utvikling» OR sosial*  |   |   |
| PubMed | 11.04.23 | Attachment style<br><br>AND<br><br>Emotion* OR affect<br><br>AND<br><br>Social* | 6 | Då eg opplevde mange treff på søket begrensa eg det med å la «attachment style» vere ein del av tittel. |